



Klara Døssland var den eldste som stemte ved siste valet i Uskedalen i 2013. Ein måned etter valet til hausten blir ho 100 år.

Ved kommunevalet i 2015 vart talet på valkrinsar i Kvinnerad redusert kraftig. Frå 23 valkrinsar tidlegare vart talet då berre 4. Uskedalen var mellom dei bygdene som mista stemmelokalet sitt, og det var kraftige reaksjonar frå mange i bygda på dette. Fleire sa tydeleg frå om at dette førte til at dei vart heimesitjarar.

Frammøtet ved valet vart rekordlågt, og det er rekna som sikkert at vanskelegare tilgang til stemmelokale var ei sterkt medverkande årsak. Framfor stortingsvalet til hausten knyter det seg spenning til om kva som skjer med valordninga. Rådmannen har innstilt på at ordninga med berre 4 valkrinsar skal halda fram. Dette gjer han ut frå kostnader. Ved fleire stemmelokale trengst det naturleg nok fleire personar til avviklinga, og desse treng også opplæring.



Ordfører Peder S. Slettebø meiner Uskedalen bør verta eigen valkrins att. Her i samtale med Harald Sunde under møte i UU i 2015. Ordfører Peder Sjo Slettebø signaliserte på siste møtet i valstyret(formannskapet) at fleirtalet ville kome med eit framlegg når saka kjem opp med det første. Vi har derfor kontakta ordføreren for å høyre hans syn på saka. Han fortel at valkrinsane ved stortingsvalet vert bestemt i neste kommunestyremøte som er 23.02.. Han understrekar at framlegget til fleirtalet skal diskuterast i gruppemøte i Høgre og Senterpartiet før det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

Ordfører Sjo Slettebø antydar at vi no framover får rundt 10 valkrinsar i Kvinnherad. Dei fire frå forrige val held fram, i tillegg ser han det som sikkert at Uskedalen får attende sitt røystelokale. Mindre stader som ligg langt frå næraste røystelokale som t.d. Fjelberg, Åkra, Varaldsøy, Mauranger bør også få eige røystelokale, meiner ordføreren om saka som vert avgjort i førstkommande kommunestyremøte. På spørsmål seier han også at det ikkje vert lagt opp til røysting via internett.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen